Svala 4H

# Varhaug Buen

NBU
Varhaug BU

Varhaug
Bondekvinnelag

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug Bondelag og Varhaug Bondekvinnelag

Varhaug
Bondelag

**September 1998**

# 7500 på landsleir på Brusand



*7500 Speidare fra alle verdendelar var samlet til landsleir på Brusand*

Side 8-9

## Husk Årsmøta

***Varhaug BU:***
***15. September***
***Varhaug Bondelag:***
***21. September***
***Varhaug Bondekvinnelag***
***24. September***

Varhaug
Bondekvinnelag

## Bondekvinnelaget på plantesmaking

Side 2

Svala 4H

## Leir i Møgedal

Side 12

## Bondekvinnelaget på tur

Dei fleste var nok glade då bussen henta oss igjen, og turen gjekk til Sandnes og varm og velsmakande Chinamat. Liv hadde sett frå seg nokre planter i bussen. Desse hadde velta då sjåføren kom og henta oss. Då vart me fort enige om at det var sjåføren som hadde teke seg ein smaksprøve. Han hadde sikkert høyrt me hadde snakka om verknaden ........



*Det var og ein avdeling med giftige planter. Her gullregn og kjempekonvall.*



*Det ser ikkje ut som plantene smaka noko særleg godt.*

AH BYGG AS
AH Bygg Auestad & Håland AS

Telefon 51 43 11 08
Mob.tlf. 94 60 16 37
" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug

## Vevkurs

**Det er ledige plasser på vevkurset**

**Påmelding: 51 43 03 93**



## Bondekvinnelaget på tur

Dei fleste var nok glade då bussen henta oss igjen, og turen gjekk til Sandnes og varm og velsmakande Chinamat. Liv hadde sett frå seg nokre planter i bussen. Desse hadde velta då sjåføren kom og henta oss. Då vart me fort enige om at det var sjåføren som hadde teke seg ein smaksprøve. Han hadde sikkert høyrt me hadde snakka om verknaden ........



*Det ser ikkje ut som plantene smaka noko særleg godt.*



*Det var og ein avdeling med giftige planter. Her gullregn og kjempekonvall.*

# Vevkurs

**Det er ledige plasser på vevkurset**

**Påmelding: 51 43 03 93**



AH BYGG AS

AH Bygg Auestad & Håland AS

Telefon 51 43 11 08
Mob.tlf. 94 60 16 37
" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug

# Litt frå Marken

5. og 6. juni var det tid for Varhaugmarken. Som vanleg hadde me fint ver. Bondeteltet m/flatbrødbaking, kinning av smør og lørdagsfrokost er og noko som høyrer til.

Bondekvinnelaget vil her få takka alle som var med og gjorde sitt til at arrangementet gjekk så godt. Det er ikkje alltid like lett å få folk som kan "svinga kjevlet" til å stilla opp. Difor vil me gje desse ein ekstra takk, og då særleg til Torbjørg Haugstad. Utan å vera medlem av laget, stilte ho opp og var med oss. Slikt varmer oss i styret.

Det er "Strikkeår" i bondekvinnelaget. Difor var det laga til ei ekstra utstilling om dette, og det var og strikkeøving for




*Litt for einkvar smak er det på marken*



*Mindor imponerte som lappesteiker (lappane smaka godt)*

R. SKRETTING A/S
KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16

R. SKRETTING A/S
KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE • SELSKAPSMAT

HRD
N·A·R·F
NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS FORENING - MEDLEM

HÅ REGNSKAP OG DATA A/S
Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

**Regnskap - Lønn - Årsoppgjør**
**Firmaregistreringer - Budsjett m.m**



## Litt frå Marken

barn m/premie og konkurranse om kor mange meter det var i eit stort garnnøste. Det var ca 25 som prøvde seg på strikking på både fredag og lørdag, og etter loddtrekning fekk desse premie; Lenita Håland og Judith Lima.

Nina Krågedal vart vinnar av garnnøstekonkurransen. Rett svar: 1001m.



*Drøset gjekk godt rundt frokostborda*



*Det såg helst ut som dette var noko dei gjorde kvar dag*




*Frå strikkeutstillinga i bondeteltet*



Esso

**Varhaug Servicenter A/S**

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG

# Basar i bondekvinnelaget

Lørdag 29. august hadde laget den årlege basaren på eldresenteret. Ca. 50 stk var møtt fram då formannen i basarkomiteen - Astrid Hobberstad - ynskte alle velkommen.

Anne Brit Mattingsdal hadde ei lita andakt før Rolf Moi fekk ordet. Han fortalde frå arbeidet sitt for Flyktningerådet i Rwanda og Burundi, og synte og nokre lysbilete frå flyktningeleirane og arbeidet med husbygginga for flyktningane. Rolf hadde og arbeidt for Unicef. Det var gildt å høyra om det han hadde vore med på.



*"Kjem me til å vinna noko tru?"*

Etter ei god matøkt, var det utlodning. Det var mange fine gevinstar. Sidan det er "spødeår" i bondekvinnelaget, var det mange strikka gevinstar. M.a. var det to gode og lune oppkara slumreteppe, som medlemane i laget hadde strikka.

Styret i bondekvinnelaget vil få takka basarkomiteen for godt utført arbeid med basaren. Dei vil og få takka alle som har gitt gevinstar eller laga noko, og dei vil og få takka alle som kjøpte lodd.

**Litt av gevinstane:**







FK Felleskjøpet
avd. Varhaug
Tlf: 51 43 00 22 Fax: 51 43 00 52
Åpent: 08:00-16:00
Lør: 09:00-13:00

STIHL MOTORSAG
Labb HUNDEFÓR
VIKING PLENKLIPPER

FK butikken

# Minneord om Marta Ueland

Det vil verta rart når møta i bondekvinnelaget tek til i haust, og Marta ikkje lenger er med oss.

Ho var nemleg ein del av laget, og ei som alltid positivt møtte opp på arrangementa våre.

Då eg var leiar i laget, og gjerne litt nervøs for om det ville koma nokon på medlemsmøta, vart eg alltid roleg når Marta kom. Eg kan ikkje rektig forklara kva det var, men det fylgde noko trygt og varmt med Marta som gjorde meg godt.Dette var det sikkert fleire enn eg som kjende.

Me vil lysa fred over Marta Uelands minne!

Liv



***Då bondekvinnelaget var 50 år i 1985, vart det gitt ut eit jubileumsskrift. Marta Ueland var ei av dei som var med i nemnda for dette skriftet. Ho hadde vore medlem sidan 1947. og hadde vore leiar i laget i 10 år(52, 53, 54, 58, 59, 60, 61, 63, 64, 65) Ho var æresmedlem i laget. Til dette jubileumsskriftet hadde Marta denne helsinga:***

## Helsing til Varhaug Bondekvinnelag

Når eg skal senda ei lita helsing til laget vårt, vil eg ta til med starten min. Eg melde meg inn i bondekvinnelaget i 1947. Då hadde me ein hard krig bak oss, og hadde måtta læra oss til å vera sjølvhjelpte, og nytta ut dei få resursane me hadde å fara med.

Eg hadde høyrt at i bondekvinnelaget hadde dei byrja med forskjellige kurs, og dette hadde eg lyst å få med meg noko av.

Vanleg lagsarbeid hadde eg ingen planer om å leggja meg serleg borti. Men alt vart annleis enn eg hadde tenkt. Eg kom aktivt med i laget heller fort, og det må eg vel seia at eg har vore i alle åra etterpå. Her fann eg oppgåver som eg tykte var vel verd å satsa både tid og krefter på.

Ein ting som eg ser som svært verdifullt var at me har kunne koma saman både unge og eldre. Og eg trur alle hadde noko å læra av kvarandre. Men det beste av alt var at ein kunne kjenna den gode ånd som rådde i laget. Dette gjorde vel sitt til at me treivst så godt alle, og mest ikkje kunne unnværa eit einaste møte.

Me som lar levt i desse 50 åra, har vore vitne til eit veldigt omskifte, ja mest som natt og dag. Dette kan me sjå av festskriftet óg. I dei første åra hadde me ikkje så mykje å rutla med, men allikevel vart det nokre kroner å gi både til det eine og det andre. Når eg nå ser attende på det, trur eg helst at me nytta pengane godt.

Eg har mange både rike og gode minner frå tida i laget. Men det aller største, og det som eg har sett mest pris på, var då eg i 1982 vart utnemnd til æresmedlem i laget.

Når eg nå ser attende på dei 50 åra som har gått, kan ein nok sjå at ikkje alt det gamle var berre godt, men det er vel ikkje heller ikkje alt det nye.

I ei velstandstid som nå, ser me at mykje av dei gamle verdier er på gli ut. I staden ser me slik som avkristning og anna, som heimar som vert oppløyste, nye samlivsformer kjem inn og alkohol og narkotikaproblem kjem meir og meir utover bygdene.

Me må ikkje gløyma at me som lever i dag må ta vår del av ansvaret for korleis det vil verta i bygda vår i dei komande år.

Her vill eg vona at bondekvinnelaget og vil sjå sitt ansvar, og gjera sitt til at dei som skal veksa opp, får leva under trygge og gode forhold.

Lukke til vidare.

Marta Ueland

VARHAUG HUD-
OG
FOTTERAPI

v/Heidi Dubland Bø

* Hudpleie
* Fotpleie
* Hårfjerning
* Vortebehandling
* Farge vippe/bryn
* AHA/Fruktsyre-
behandling

Tlf. 51 43 13 69
Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etc SR-Bank)

Bohus
STUELAND

VARHAUG: Tlf. 51 43 00 77

# Speidarlandsleir på Brusand



*Leiren dekker store områder på Brusand*

Norges KFUK- og KFUM-speidere sin landsleir på Brusand er historie. 4.-11. juli i år var 7500 speidarar samla til leir. Det var første gong ein slik leir var lagd til Rogaland. I alt kom det meir enn 600 utlendingar frå alle verdsdelar. 100 av dei 7500 kom frå Varhaug, 32 jenter og 68 gutar i alder frå 11 til 20 år. Sidan starten for 48 år sidan har aldri så mange reist på speidarleir frå Varhaug før.

Å gjennomføra ein slik leir krev mykje planlegging i god tid på førehand. Mellom 50 og 100 ledarar frå heile landet var samla 3 gonger på Ognatun det siste året. Leirområdet var delt inn i 5 underleirar og ein familieleir. Vi frå Varhaug høyrer til Rogaland krets, og underleiren vår, Grasbakken, var den største med over 1400.

Berre det å skaffa mat til alle desse ei heil veke, er ei stor utfordring. Likeså det trafikkmessige til og frå, og ikkje minst under leiren, alt nøye planlagt.

På førehand var mange skeptiske til den jærske vinden. Vi frå Varhaug opplevde regnet som mest trøttande i lengden. Men etter ei heller våt helg klarna det opp og vi fekk ganske godt ver. Då vinden auka monterte vi 30 m med levegg av pressenning, og dermed sto telta prøven utan nevneverdig skade. Vinden auka og planen som kommunen, bondelaget og leirledelsen hadde utarbeid, vart sett i verk. Ein fleire hundre meter lang levegg av avlesservogner og større bilar skjerma for den verste vinden. Det hjelpe godt.

Halve leiren var ute i heia kvar sitt døgn. Dette var godt planlagt, både transport til og frå og kor speidarane skulle gå. Rutene var avklara med grunneigarar og gjerdeklyvarar oppsette der det



*Her ser vi en gjeng rovere samlet til middag*

WALDELAND
& DUBLAND A.S
Djupholdsv. 3, 4360 Varhaug
**Alt i mur - puss - flier**
**Mobil: 946 70 773**
Tlf. 51 43 05 09
Fax: 51 43 12 22
MESTER
- fagkunnskap gir trygghet.

ODLAND A/S
4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59
**Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid**
**Salg og montering av element - Armering - Tegning**

var behov for det. Men sjøl om det vart lagt ned svært mykje arbeid med å sikra at ingen gjekk utanom stader avtalt med grunneigar, så var det nokre som rota seg vekk.

På ein speidarleir er det mange aktivitetar. Kvar dag er det bibeltime der speidarane får høyra kva Jesus vil sei dei i dag, kva Han kan gjera i deira liv. På måndag skulle over 1000 drager opp i lufta, men i den harde vinden var det ikkje så enkelt å få dei opp. Ein aktivitet som slo godt an for tilreisande var lefsebaking som vi hadde ansvar for. Elles så skaffa vi til veie 100 kanoar som var i bruk 3 dagar på Holmavatn.


*Varhaugsgjengen måtte fram med presendinga da regnet stod på under ei samling*


*Stor aktivitet under bygging av leiren*

Eit par dagar før leiren kom det jenter frå USA og gutar frå Skotland, som fekk "home hospitality" på Varhaug. Dei overnatta både før og etter leiren hos familiar og fekk oppleva korleis vi har det her. Før leiren fekk dei sjå Jæren og fleire plassar i Rogaland.

Åpningsleirbålet fekk hard kritikk. I tillegg til regn og vind var nokre av innslaga uheldige og lite passande. Leirleiinga beklaga dette, og la seg verkeleg i selen for å få til ein betre avslutning.


*Her har vi lefsebaking i stor stil*



*Scenen*

Dei fleste speidarane treivst godt og hadde det triveleg, og då vi pakka saman alt leirutstyret, var det fleire som såg fram til kretsleir om 2 år. Dei hadde fått nye vener og opplevd ei veke dei seint vil gløyma.

Per Åge Skretting

***Er du over 30 år og interessert i å vera med i speidararbeidet på Varhaug, Kan du ta kontakt med Per Åge Skretting - tlf. 51 43 05 68***


*Jentene var også godt representert*

DIN LOKALE TOTAL-LEVERANDØR AV BYGGE-VARER

HÅBYGG a s

Jernbaneveoem - Nærbø
Tlf. 51 43 32 84
Dublandsveien - Varhaug
Tlf. 51 43 11 66

# Varhaug Bondelag

# Bondefesten -98

## 16. oktober kl. 19.30 på Karlsbu

Det har frå fleire hald gjennom mange år vore ynskje om ein litt anna form på bondefesten. Faren med å forandre for mykje på gamle tradisjonar er at ein mistar noko av særpreget på veien. Derfor har me valgt å ha ein relativt tradisjonelt program, der me særleg vil framheva underholdninga v/Torleif Nordbå med "Radio innante". Her kan du verkeleg få trimma "lattarmusklane". Etter tradisjonelt program, vert det anledning til ein svingom.

**ME VIL PÅ DET STERKASTE OPPMODA DYKK OM Å VÆRA MED PÅ Å LAGA EN GILD BONDE-FEST, SÅ MELD DYKK PÅ!**

**Program:**

Prolog v/Marian Hegrestad Egeland
Festtale v/Einar Lea
Underholdning: Radio innante
Ord for dagen v/Ola Bjorland
Dans
**Meny:** Sursteik / Sviskegraut
**Pris:** Kr 250,- pr. pers

**Påmelding innen 27. september til:**
**Evy Haugland tlf.: 51 43 46 74**
**Kjell Skretting tlf.: 51 43 25 57**




BYGGMESTER
**Jon Harald Håland a.s**
Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03

# Grillfest

*2. juni hadde me den årlege grill-festen på Holmavatn.*
*Dette året var det litt for få som møtte fram, dette skuldast nok både siloslått og feil dato i annonsen i VB.*
*Dei som var fekk i alle fall nok mat, og dei kosa seg veldig.*
*Einar Lea var med oss, han las noko han sjølv hadde skrive. Me håpa på betre frammøte neste år.*
*Til slutt vil me takka alle som gav dei fine gevinstane.*

*Varhaug Bondelag*



*Einar Lea blei noko forsinka, men eg trur alle likte det han las*


*Det var noko dårlegare frammøte enn ellers, men alle kosa seg*

## Husk

**Årsmøtet i Varhaug Bondelag**

**21. September kl. 19.30**

**Gilde Agro**
**Fellesslakteri BA**

Kjøttprodusentenes
- bedrift
- interesseorganisasjon
- varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE

EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SL.BYGG A/S
SKRETTING & INGEBRETHSEN
Tlf.: 51 43 04 95
Fax: 51 43 25 90
Tradisjon i solid håndverk




# Leiren i Møgedal

Fredag den 12. juni reiste 16 friske aspiranter på leir til Møgedalen. Nokon hadde vore her før mens andre var det første gong for.

Telta blei oppsett fort og ikkje lenge etterpå kunne du høyra musikken. Kvelden gjekk med til og slappa av, dansa og bli kjent med andre.

Lørdagen hadde Svala aktivitets løypa og Sjøglimt fekk 1. og 2. plassen, mens 3. plassen til Svala. Vollyball var deg også og Svala kom vidare til søndag's spelet. Om kvelden var det underholdning ute. Me i Svala hadde nokon spreke jenter som stod fram og mimte etter sanger me hadde øvd på tidligare på dagen. Også disco denne kvelden.

Aspirantane ville sikker vore oppe lenger, men aspirant ledarane var litt forlenge oppe og det blei eit problem på søndag's morgon.

Søndag var det natursti som alle gjekk før middagen. Også slutten av volleyballen blei spelt og der Svala stakk av med 1. plassen. Telta blei pakka ned og diplomer udelt og alle reiste heim for å sova ut helga's "rangling"

Håpar fleire reise neste år!

Marit Johanne og Guri Marie

Først på Jæren !

**Du kan nå få utført dine banktjenester også på internett**



**Ønsker du mer informasjon, kontakt oss.**
**http://time-sparebank.no**

| Bryne | Varhaug | Kvernaland | Undheim |
|---|---|---|---|
| 51 77 91 00 | 51 43 11 24 | 51 48 73 00 | 51 48 44 73 |

TIME SPAREBANK

**Jæren NATURTERAPI**

**Gjertrud Hobberstad**
Naturterapeut MNNH

Aromaterapi
Zoneterapi
Kinesiologi
Øreakupunktur

Dysjalandsv. 4360 Varhaug
**Tlf. 51 43 00 36**

# Varhaug Bygdeungdomslag

# Årsmøte

## i Varhaug Bygdeungdomslag 1998

Tid: 15. September klokka 19.00
Sted: Internatet, Varhaug

Sakliste

Sak 1: Åpning
Sak 2: Innkalling
Sak 3: Valg av to til å skrive under protokollen
Sak 4: Godkjenning av årsmelding og regnskap
Sak 5: Eventuelt innkomne saker
Sak 6: Innlegg fra RBU-representant
Sak 7: Valg
Sak 8: Diverse

## Styre i VBU 97/98

Leder:
Ingunn Helen Reiestad
Nestledere:
Hege Kvia
Anne Mette Bjelland
Kasserer:
Svein Borgen
Sekretær:
Kjetil Efjestad

Styremedlemmer:
Steinar Kartevold
Tor Jarle Ueland
Redaksjonen i Varhaug-Buen:
Ingunn H. Reiestad
Tor Jarle Ueland
Internatstyret:
Elisebeth Berge
Valgkomité:
Diverse

## Arrangement i VBU 1997/98

-tevlinger: -ku
-hest
-gris
-sau
-ludo
-fløtekakepynting
-Grautfest på Hårrheimen
-Køllefest på Karlsbu
-Innebandyturnering
-Lokallagskurs på Gilja
-Motivasjonshelg på Gilja
-Jærdagene
-Diskotek på Elgane
-Innebandytreninger
-Fotballtreninger
-Aksjonsveke

Vi har blant annet deltatt på dette:

-Tettstedskonferanse
-Komité i kulturetaten
-Haustkurs
-Lederkurs i regi av LU
-Regionsmøter
-Kontaktmøter
-Landsleir i Sigdal
-Årsmøte RBU
-Årsfest i RBU
-Diverse arrangement rundt i lokallaga


Opprett BSU hos oss nå,
og vi kan gi deg
90% lån til 60% pris
til ditt første boliglån

SpareBank 1 SR-Bank

**Best når det gjelder**

# Lederen har ordet

Nå er dette arbeidsåret allerede over. Tida har gått så umåtelig fort. Me har fått arrangert en del ting, men det er så mye vi ikke har fått realisert. Men med ikke altfor god oppslutning om arrangementa våre. Dette i tilleg til dårlig tid i perioder gjør at det ikke alltid like lett å motivere seg selv for nye oppgaver. Det kommer stadig nye tilbud til ungdom i bygda vår. Dette gjør rekrutteringsarbeidet vanskelig. Men det dukker også "nye" folk til. Dette er gledelig.

Men for all del! Me har hatt det veldig kjekt i lag. Me har blant annet arrangert to fester. En på Hårrheimen og en på Karslbu. Me har i tillegg arrangert kølleturnering. I gutteklassen stakk Bjerkreim av med førsteplassen, med Varhaug på en god annenplass. Varhaug sitt jentelag vant sin klasse. Vi har arrangert barnediskotek på Elgane, helt til noen stjal anlegget våres. Diskoteka var en suksess med mange unger hver gang. Takk til Elgane for lån av lokale.

Me har alle lært utrolig mye om hvordan vi bør gjøre ting og hvordan vi ikke bør gjøre ting. Dette er nyttige erfaringer å dra med seg videre. Fire stykker i fra styret var tidlig i arbeidsåret på kurs i regi av LU (Ledertreningsutvalget). Kurset ble holdt på Nærbø, i lag med Time og Nærbø BU. Her lærte vi masse nyttige ting om blant annet samarbeid, kommunikasjon, ledelse og konflikthåndtering.

Jeg vil med dette takke for meg og ønske den nye lederen og styret lykke til i kommende arbeidsår.

Ingunn Helen Reiestad

Hege & Heidi Salongen AS
Dame & herreklipp
Rådhusgt.3, 4360 Varhaug
Tlf.: 51431018 Fax.: 51430843

MESTER
BYGGMESTER / AUT. ENTREPRENØR
Mindor Skretting
Dublandsveien 13, 4360 Varhaug
Telefon: 51 43 13 50 * Fax: 51 43 44 70
Mobil 964 15 499

VH
Varhaug Handelslag

Støtt våre annonsører

Dei støtter oss

# Musikksjefen har ordet

## -BU og jeg

For om lag to år siden ble jeg sneket inn bakveien i VBU. Spørsmålet var den gang om jeg ville stå for musikken på et barnediskotek VBU skulle dra i gang igjen. Jeg falt for forslaget og det ene førte til det andre. Plutselig var jeg både medlem og ansatt i styret under tittelen disko-king.

Under gjenvalget ble jeg styremedlem. Året for meg har inneholdt en hel del greier, fra ville fester til ikke det helt store (Karlsbu). En del is-spising ble det på Jærdagene kombinert med vakttjeneste. Haustkurs ikke minst. Og så selfølgelig ble det en hel del smådisco.

Året og smådiscoen begynte å dale etter at noen fant ut at de ville låne stereoanlegget vårt. Vi kunne jo ikke fortsette når de ikke kom tilbake med det. Men nå etter som jeg fikk beskjed om ser det ut til at et nytt år er på vei. Blanke ark osv osv osv......

Så får vi se da om lånerne kommer tilbake med det de har lånt???

Hilsen
Tor Jarle Ueland
***(den ukronede discokongen på Varhaug)***


NÅR DET GÅR
FORT I SVINGANE

TINE Meieriet Sør
TINE

HÅ RØR A/S
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
4360 VARHAUG

JÆRBETONG A.S
Njølstad, 4350 NÆRBØ

51 43 37 77
Fax 51 43 40 87

VI LEVERER:
Ferdigbetong
Betongpunping
Betongpeler

Alt i graving, dyrking og steinløing

BRØDRENE RISA a/s
entreprenørforretning
Tlf: 51 43 37 99, Nærbø.

Bjorhaug Vest - 4350 Nærbø

**Adresse:**

**Blad**

**Returaddresse:**
Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmansgarden 26
4360 Varhaug

**Varhaug Buen**
Medlemsblad utgitt av Varhaug Bygdeungdomslag, Svala 4H, Varhaug Bondelag og Varhaug Bondekvinnelag

Opplag: 1200

**Redaktør:**
Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

**Varhaug BU:**
Ingunn Helen Reiestad
Tlf: 51 43 24 45

Tor Jarle Ueland
Tlf: 51 43 07 53

**Svala 4H**
Jon Flåten
Tlf: 51 43 08 38

Anne Mette Bjelland
51 43 08 04

**Varhaug Bondelag**
Geir Egil Aanestad
Tlf: 51 43 05 74

Arne Odland
Tlf: 51 43 11 77

**Varhaug Bondekvinnelag**
Liv Hobberstad
51 43 03 93

Olena Skeie
Tlf: 51 43 25 30

**Internatet:**

**51 43 78 20**

# Kva skjer?

## Varhaug BU:

**September**
24-27 RBU's haustarrengement

## Varhaug Bondekvinnelag:

**September**
24 Årsmøte på Eldresenteret 19:30 -Rolf Skåra vil snakka om det å vera tenåringsforeldre. -Nytt frå fylket ved Jenny Hadland

**Oktober**
16 Bondefest saman med bondelaget. Karlsbu 1930

**November**
26 Advendsmøte. Eldresenteret 19:30 - Orientering om frivilighetssentralen ved daglig leder Karin B. Dalstrøm

**Desember**
? Julemøte Aanestadkrinsen

## Svala 4H:

**Oktober**
1 Aspirantmøte - Innvel. av bøker
22 Utstilling (18.00-20.00)
23 Haustfest

**November**
24 Årsmøte m/oppgåvevalg

**Desember**
4 Grautefest m/oppgåvevalg

## Varhaug Bondelag:

**September**
21 Årsmøte 19.30

**Oktober**
16 Bondefest - Karlsbu

## Stoffrist:
## 11. November 1998

Til nr. 4
Bladet kjem ut uke 49

*JÆREN AUTO AS*
**BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED**

**TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG**

***Liljekonvallen***

*Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i*

*Stasjonsveien 14. på Varhaug*

*Tlf. 51 43 12 72*